

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF
DATO: 15.01.2018
FRÅ: Administrerende direktør Eivind Hansen
SAKSHANDSAMAR: Nina Næsheim
SAKA GJELD: Orientering om relevante lover, forskrifter og myndighetskrav i perioden 09.12.17 – 15.01.18
STYRESAK: **03/18 O**
STYREMØTE: **25.01.2018**
Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Oversikt over aktuelle nye lover og lovendringar i perioden

Lov	Fastsett	Kva lova/endringa gjeld
Lov om endringar i pasient- og brukarrettslova, helsepersonellova m.m. (styrking av rettsstillinga til barn ved yting av helse- og omsorgstenester m.m.) https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3	16.06.17	Formålet med endringane er blant anna å styrke barn sin rett til medverknad og medråderett ved yting av helse- og omsorgstenester. Det er mellom anna innført eit nytt unntak frå plikta til å informere foreldra eller andre som har foreldreansvaret, som òg skal gjelde når ein pasient eller brukar er under 12 år. Det er eit snevert unntak avgrensa til at informasjon ikkje skal bli gitt til foreldra eller andre som har foreldreansvaret «dersom tungtveiende hensyn til pasienten eller brukeren talar mot det». Endringane skal også tydeleggjere helsepersonell si rolle for å ivareta barn som pårørande til søsken med alvorlige helseproblem og som etterlatne etter foreldre og søsken som dør. Lovendringa tok til å gjelde den 01.01.18

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden

Forskrift	Dato	Kva forskrifta/endringa gjeld
-----------	------	-------------------------------

Ingen aktuelle nye forskrifter eller forskriftsendringar i perioden

Oversikt over myndighetskrav i perioden

Myndighetskrav	Dato	Kva saka gjeld
----------------	------	----------------

<p>Omlagging av raskare tilbake ordninga</p> <p>https://helsedirektoratet.no/nyheter/informasjon-om-raskare-tilbake-ordninga-fra-2018</p>	<p>22.12.17</p>	<p>Raskare tilbake-ordninga vert lagt om frå 2018 ved at tilskotsmiddel til behandlingstenester retta mot personar som er sjukmeldt eller står i fare for å verte det (raskare tilbake-løyvinga), vert overført til dei regionale helseføretaka sine ordinære løyvingar for pasientbehandling.</p> <p>Omlagginga som er foreslått byggjer på gjennomgang og tilrådingar frå dei regionale helseføretaka om å vidareføre tverrfaglege, kunnskapsbaserte og arbeidsretta behandlingstilbod for personar med angst og depresjon og for personar med muskel- og skjelettlidingar. På denne måten vert alle øymerka midlar til raskare tilbake-formål samla i ordinær budsjetttramme og legg til rette for vidareføring og vidareutvikling av gode tilbod til store grupper sjukmeldte.</p> <p>Målet med omlagginga er eit meir likeverdig tenestetilbod til alle grupper med pasientar, tufta på gjeldande prinsipp for prioritering. Omlagginga vil verte evaluert.</p> <p>Endringa gjeld frå 01.01.18</p>
---	-----------------	---